

*Hei og H*

*av Simen Joachim Helsvig*

*omsatt til nynorsk av Audhild A. Solberg*

**H for H (As In: How Dare You Concern Yourself With Art When the World Is Collapsing Around You and There Are Obviously a Million Better, More Important Things To Do)**

Utanfor bygningen i Leikanger som husar Difi – Direktoratet for forvaltning og IKT – ruvar ein diger H, bokstaven altså, wiresaga i lys Iddefjord-granitt. Om lag to meter høg er den, og dermed vanskeleg å unngå å legge merke til. Står ein der ute, vil ein kanskje spørje seg: «Kvífor nettopp ein H?» Tittelen på skulpturen gir svar, men er samtidig ein verbal øyreflik til den nysgjerrige: *H (As In: How Dare You Concern Yourself With Art When the World Is Collapsing Around You and There Are Obviously a Million Better, More Important Things To Do)*.

«Korleis vågar du å halde på med kunst når verda kollapsar omkring deg og det heilt klart finst ein million betre og viktigare ting å gjere», altså. Fortener ein eigentleg denne irettesettinga dersom ein berre kastar eit halvt blikk på skulpturen på veg inn til Difi? Nei. Har du eit ærend i Difi, bidrar du truleg til å utvikle offentleg sektor ved å sjå på ulike element i forvaltningsutviklinga, og dette er utan tvil blant dei ein million presumptivt viktige tinga du kan gjere. Nei, oppstramminga er nok heller retta mot kunstnaren sjølv; det er jo ho som bruker tida si på kunst. Korleis vågar ho?

**L for Lina Viste Grønli**

Den svar skuldige heiter Lina Viste Grønli. Ho er fødd i Bergen i 1976, og er for tida busett i Boston på den amerikanske austkysten. Viste Grønli er utdanna ved Statens kunstakademi i Oslo, og har hatt separatutstillingar ved MIT List Visual Arts Center i Cambridge i USA, Stavanger Kunsthall og Wiels Contemporary Art Centre i Brussel. Ho har også deltatt i ei lang rekke gruppeutstillingar verda over, mellom anna på Kunsthalle Wien og SculptureCenter i New York. Ho har laga variantar av *H (As In ...)* fleire gonger tidlegare, i ulike størrelsar og materiale. Ein mindre granitt-H blei laga til Skulpturbiennalen i Oslo i 2006, og ho laga ein

enda mindre i teak – ein «salong-versjon», kallar ho den sjølv – til ei utstilling i Chicago eit par år seinare.

### H for *Hei*

Enda ein skulptur signert Lina Viste Grønli har funne vegen til Leikanger. Også her dreier det seg om ein H i granitt, men denne gongen er tonen mindre indignert. Denne ståande H-en har selskap av ein liggande E og ein liggande I, og saman er dei eit innbydande «HEI» som helsar nykomne til kontora til Statens vegvesen. Her er ingenting tvitydig, her finst ingen skjult kritikk. Forholdet mellom tittel og verk er tilsynelatande 1:1.

### R for representasjon

Skulpturane til Viste Grønli leikar med representasjon og meiningsinnhald på eit vis som leier tankane til ei kjend satirisk teikneseriestripe av den amerikanske kunstnaren Ad Reinhardt. I teikneserien står ein dresskledd mann framfor eit abstrakt måleri og peikar på det mens han hånler og spør: «Ha ha, kva skal dette representerere?» I neste rute er spelet snudd. Nå er det måleriet som peikar mot den forskrekka mannen og fresar: «Kva representerer du?»

Denne tilsynelatande enkle og artige teikneserien er fascinerande i si turnering av representasjonsomgrep. Serien kritiserer førestillinga om at kunstverket representerer noko anna enn seg sjølv, men den gjer det i form av ein representasjon – ein karikatur av eit abstrakt måleri! Men kva skjer eigentleg når eit kunstverk ikkje representerer noko, ikkje er ei attgjeving av ein ting eller ein person, og ikkje står i nokon annan si teneste enn kunstens? Idet kunstverket i teikneserien til Reinhardt vender spørsmålet «Kva representerer du?» mot den hånande filistaren, blir det abstrakte måleriet forvandla til ein nesten-person med eit sint øye, ein ropande munn og ein peikande arm. Kunstverket blir eit slags subjekt.

### A for antropomorfisme

Heller ikkje skulpturane til Viste Grønli kan ein unngå å gi ein slags personlegdom. Som det abstrakte måleriet i teikneserien til Ad Reinhardt er H-en utanfor Difi både den som peikar («Korleis vågar du?») og den som blir peika på. Dei tre bokstavane i *Hei* ved Statens vegvesen helsar – heilt bokstaveleg, men også gjennom forma og plasseringa – den besøkande velkommen, nesten som når menneske legg seg i formasjonar på bakken for å danne ord ein

kan sjå frå lufta. Med sine om lag to meter er bokstavskulpturane kanskje i overkant store, men dei spelar samtidig på dimensjonane til menneskekroppen. Å gi gjenstandar menneskelege eigenskapar blir kalla antropomorfisme. Ordet kjem frå det greske *ánthropos*, menneske, og *morphé*, som betyr form.

For å forstå dei to Leikanger-skulpturane kan det vere lurt å sjå på andre arbeid av Viste Grønli. Når skulpturane hennar blir stilt ut i grupper, som i utstillinga *Tinging* på Stavanger Kunsthall i 2013, er dei som eit menasjeri av levande vesen. Ein av skulpturane i denne utstillinga bestod av eit lêrbelte som såg ut til å ha stivna i ei bølgjeform idet den bevega seg bortover bordet, som om den var ein barnebokillustrasjon av ein slange. Ein annan skulptur, som stod på det same bordet, var ein R bygd av eikepinnar og måla i blått, svart og kvitt. *R for Rudeness* var tittelen. Igjen er ordet «rudeness» berre eit eksempel, og ein kunne tenke seg eit kva som helst anna ord – «radical», «respectfulness» eller «rudimentary». Men nå er det eingong *R for Rudeness* den heiter, og ein kan ikkje unngå å føre denne frekkheita tilbake til bokstaven sjølv. Ein frekk R, verkeleg? Og skulpturen *E for Effrontery*, i slanke ekestykke festa til ei eikeplate og ein sokkel av raud, mura teglstein – ein uforskamma E? Det høyrest absurd ut, som ei form for synestetisk vrangførestilling. Og likevel, det er verkeleg noko uforskamma over desse skulpturane der dei står og viser seg fram, spradande og sjølvopptatte.

### K for konkret poesi

Ideen om at bokstavar har bestemte eigenskapar, er kanskje merkeleg, men den har faktisk ein plass i filosofihistoria. I ein av dialogane til Platon, *Kratylos*, doserer Sokrates for tilhøyrarane sine om opphavet til språket. Orda må ha blitt skapt av ordhandverkarar, *onomaturgar*, foreslår han. Dette må ha vore folk som kjende til at tingas vesen bør vise seg gjennom namna ein gir dei, og som konstruerte orda fordi dei visste at naturen tillegg bokstavlydane eigenskapar. Bokstaven I, for eksempel, er eit teikn for letttheit og passasje, som i *ienai* (å gå) og *hiesthai* (å haste), mens bokstaven L viser til det mjuke og glatte, ettersom tunga glir over ganen når ein uttaler den, forklarar Sokrates.

Kor søkt dette enn høyrest ut, er det ei erfaring som ikkje er ukjend for dei som arbeider med språk, og da særleg poetar. På 1950-talet utvikla det seg ein verdsomspennande bevegelse bland poetar og kunstnarar som behandla språk som materialitet og form, og ikkje berre som

kommunikasjon. Retninga blei kjend som Konkret poesi. Diktatar har alltid vore opptatt av dei biletlege og lydlege eigenskapane til orda, med enderimet som det mest elementære eksempelet, men i og med den konkrete poesien blei desse aspekta trekt fram i forgrunnen. Den ordspelande forfattaren James Joyce og bruken hans av det konstruerte adjektivet *verbivocvisual*, som skulle skildre korleis ein opplever språk med alle sansane, blei ein av fleire adopterte føregangsfigurar.

I arbeida til Viste Grønli er språket så konkret som det kan få blitt. Ein kan sitje på *Hei* og bruke det som ein benk om ein ønskjer det. Ein blind kan føle seg fram til formene på bokstavane. Og likevel har verka ofte desse titlane som utset meiningsinnhaldet, desse semantiske forskuvingane som liksom oppløyser dei elles så konkrete steinskulpturane.

Men også det formelle ved verka, materialet, fargen og størrelsen, endrar meiningsinnhaldet i bokstavane og orda. Ein liten H utskoren i eik har eit anna visuelt uttrykk enn ein to meter høg H i granitt. Men kan ein også førestille seg at dei har forskjellige lydar, at dei blir uttalt med varierande toneartar? Eller ein enda meir aparte tanke: Kan ein danse ein H?

### E for eurytmi

Jo, ein kan danse språket. Eurytmi er ei form for dans som blei utvikla i byrjinga av 1900-talet av Lory Smits, ei ung dame i krinsen rundt antroposofiens og Steiner-pedagogikkens far Rudolf Steiner. Eurytmien (frå det greske *eu*, «skjønn», og *rytmos*, «bevegelse») er eit forsøk på å uttrykke språket gjennom kroppslege bevegelsar. Steiner sjølv kalla den «synleg tale og synleg song». Da Rudolf Steiner besøkte Noreg i 1921, blei det oppført ei eurytmiframsyning på Nationaltheatret. Den fekk totalslakt i Dagbladet.

Drakta ein bruker under eurytmidansen, skal helst vere ein fotsid kjole med eit laust, gjennomsiktig silkeslør over. Det er ei slik drakt kvinna som opptrer i Viste Grønlis *Phil Collins in Eurythmics* har på seg. Serien frå 2012 består av elleve svart-kvitt-fotografi, like mange som bokstavane i namnet «Phil Collins». Det fjerde, sjuande og åttande fotografiet er identiske, jamfør dei tre I-anane i namnet.

Trass i det sobre og åndelege preget, med den konsentrerte eurytmiske utøvaren i sine rituelle gevant, bygger heile verket på eit temmeleg blautt ordspel. Eurythmics var eit engelsk popband som var store på 1980-talet, og Phil Collins var trommis og seinare vokalist i prog- og popbandet Genesis og komponisten bak 80-talshitar som «Sussudio» og «One More Night».

### J for Jones, som i Grace Jones

Viste Grønli har tydelegvis ein forkjærleik for 1980-talsheltar. Den amerikanske songaren Grace Jones har også vore førelegg for fleire verk, noko som er passande, for det er vel få menneske som i større grad har likna ein skulptur enn Jones. På omslaget til albumet *Living My Life* frå 1982 er ho avbilda i halvprofil med ei skarpskoren hovudform som ser ut til å vere hoggen i tre, og ein karakteristisk og presist kutta trekanta frisyre som minner om ein dørkile. På omslaget til *Island Life* frå 1985 står ho i ei akrobatisk stilling som ein blankpolert alabastfigur. Kunstnaren Keith Haring måla dei karakteristiske strekornamenta sine direkte på kroppen hennar, og gjorde henne dermed til ein måla skulptur.

Da Viste Grønli utforma skulpturar basert på den trekanta, dørkileforma frisyren til Jones i utstillinga *Grace Jones Sculpture Project* på Paris-galleriet Gaudel de Stampa, var det dermed eigentleg det ein kallar ein *ekfrase*, eit kunstverk som fortel eit anna kunstverk om igjen. Men også her blir ein slått av ein gryande tvil: Representerer dei enkle, geometriske skulpturane Grace Jones sin frisyre, eller er det berre tittelen som spelar oss eit puss?

### T for tinging

*Tinging* heitte verket til Viste Grønli på Kunsthall Stavanger i 2014, og på Kunstnerforbundet i Oslo året etter. Ein kan tinge ei avis eller tinge med nokon, altså forhandle eller kjøpslå, men ordet «tinging» finst ikkje på bokmål. Hos Viste Grønli er tinging ei omsetjing av eit nyord laga av den tyske filosofen Martin Heidegger. *Das Ding dingt*, «tingen tingar», skreiv Heidegger i eit essay i 1950. Ordet ting kan opphavleg ha betydd at noko trekker seg saman, men også «å samle», som i eit storting. Viste Grønli tar dette heilt bokstavleg når ho lagar skulpturar der nokre objekt er festa til andre objekt. Ho «praktiserer» tinging, som det heitte i ei nyleg utstilling i København. Her hadde ho festa kopparmyntar til forskjellige objekt – ei truse, ein ask med frukostblanding, eit par høghæla sko. Kunstverket blir her eit gravitasjonsfelt i dobbel

forstand. Eit større objekt trekker mindre objekt til seg, samtidig som kunstverket tiltrekker seg merksemda til publikum.

Heidegger sin filosofi går i hovudsak ut på at verda ikkje berre er summen av alle eksisterande gjenstandar, men ein vev av relasjonar med tyding. Som aktive vesen i verda er vi *betinga* av tinga. Tingen tingar, den samlar altså den andre tingen i relasjon til seg sjølv, slik at verda og det å vere blir synleg. Og det er få ting som tingar meir enn kunstverk, få gjenstandar som i større grad samlar rommet omkring seg.

## O for offentleg rom

Dei to arbeida til Viste Grønli i Leikanger er bestilt av Kunst i offentlege rom (KORO), ein organisasjon som produserer og forvaltar kunstverk til statlege bygg og for offentlege rom. I nye statlege byggeprosjekt, som Statens vegvesen og Difi, set ein av mellom 0,5 og 1,5 prosent av budsjetta til innkjøp eller produksjon av kunst.

Det er ikkje første gong Viste Grønli produserer kunstverk for offentlege rom. Ho har laga fleire store ord-verk tidlegare, mellom anna eit stort «YOKO ONO» i raud teglstein plassert ute i byrommet i Stavanger. «For meg er det utruleg interessant og inspirerande å jobbe mot noko og nokon som eigentleg ikkje vil ha det ein lagar», har ho uttalt.

Eit av dei største oppdraga Viste Grønli har hatt så langt, er det offentlege kunstverket *The Peace Clock*, som er plassert på veggen til det nye Trygve Lie Plaza overfor FN-bygningen i New York. Verket er eit fredsteikn i messing med ein diameter på fem meter. Det er også ei klokke, der den diagonale linja til høgre i fredsteiknet fungerer som ein visar. Fredsteiknet er med andre ord berre fullenda to gonger i døgnet: halv fem om ettermiddagen og halv fem om natta. Fred er sjeldan ein varig tilstand – det veit dei fleste som arbeider i FN-bygningen. Dette er dermed eit realistisk verk, men samtidig fylt av håp. Freden kjem til den som ventar.

## P for politikk

Fredsklokka ved FN-bygningen er kanskje meir eit reflekterande enn eit politisk verk. Men kva med H (*As In: How Dare You Concern Yourself With Art When the World Is Collapsing Around*

*You and There Are Obviously a Million Better, More Important Things To Do)?* Er det eit politisk kunstverk?

Svaret er både ja og nei (kunstverk har det gjerne med å være tvitydige). Irettesettinga i tittelen er jo inspirert av det nesten bastant upolitiske ved sjølve skulpturen – det er berre ein H, verken meir eller mindre. Og likevel har Viste Grønli laga fleire nye versjonar. Er det akutte politiske situasjonar som er grunnen til at ho lagar denne sjølvfuktande skulpturen på ny? Det paradoksale er at den gjentekne bebreidninga samtidig er ei oppmoding, ikkje berre til faktisk å halde på med noko viktigare enn kunst, men også til å reflektere over kva dette «viktigare» faktisk er, og kvifor det er det. Å vege noko opp mot noko anna, det er kjernen i politikken.